

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 07.11.2022

**Vår ref.:** 202220364-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 22/2044 - 22/81237

## **Svar vedkommende søknad om bygging av landbruksveg - Gnr. 352 bnr. 5 - Kårbø - Alver kommune**

NVE syner til brev dagsett 25.10.2022 med vedlagt søknad frå Tore Kråbø vedkommende bygging av landbruksveg på eigedom GBnr 352/5 i Alver kommune.

### **Omtale av plan for tiltaket**

Tore Kråbø søkjer om å bygge ein om lag 130 meter lang skogsveg for å løyse ut om lag 80 daa skog og samstundes gje tilgang til 240 daa totalareal der om lag 23 daa utgjer jordbruksareal. Vegen skal byggjast med vegklasse 4, som tilsvara sommarbilveg for tømmerbil med tilhengar. Bygginga av vegen i vegklasse 4 utløyser krav om at eksisterande bru over ein mindre elv må oppgraderast/byggast ny. I søknaden vil det byggast ny bru langs eksisterande bru.

### **NVE si vurdering**

NVE syner til forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar. Slik NVE les søknaden og ut frå blider/kart frå NVE atlas så landbruksveg tenkt bygd i eksisterande ferdselsveg med unntak av ny bru over bekk/mindre elv. Alver kommune har vurdert flaumtilhøve i bekken til at ny bru vil ha tilstrekkeleg kapasitet ved flaum. Landbruksvegen vil heller ikkje gå i eit område som vil utløyse noko form for lausmasseskred.

NVE minner elles på krav til kantvegetasjon langs bekker og vassdrag og at dette vert teke omsyn til ved bygging av ny bru. Ved ev. trong for fjerning av kantvegetasjon mellombels eller permanent utover det som er vurdert som skjøtsel. Fjerning av kantvegetasjon må søkjast om til Statsforvaltaren i Vestland. Sjå elles [NVE Veileder 2/2019: Kantvegetasjon langs vassdrag](#).

Eit søk i artsdatabase og naturtype gjev treff på Åkerrikse som er sterkt trua i Norge.

**NVE vurderer planane slik dei er lagt frem til ikkje å krevje noko vidare handsaming etter reglane i vassressurslova.**

### **NVE si rettleiing**



Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.

Med helsing

Anders Muldsvor  
Senioringeniør

Godkjent av Aart Verhage  
Sjefingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Mottakarliste:**

Alver kommune

**Kopimottakarliste:**